



FAU Sagstad skule  
Kåre Frøland

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/13 - 17/304

Saksbehandlar:  
Berit M.Eskeland  
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:  
06.01.2017

## Svar på spørsmål om trafikksikringstiltak

Viser til skriv av 26.11.2016.

Gangvegen bak Sagstad skule manglar noko asfalt på grunn av byggearbeida. Kommunen vurderar likevel at grusen som ligg der er forsvarleg å sykle på, og tilstanden vil bli fulgt opp av ansvarlege for utbygginga. Når det gjeld greinene er dette meldt vidare til driftsavdelinga som vil følgje dette opp.

Gangvegen frå Sagstad skule til gangbru ved Frekhaug senter er ein køyrbar gangveg. Kommunen vurderar difor at det ikkje er høve til å merke opp gangvegen med eit felt for syklende og eit felt for gåande. Slik merking bør berre gjerast på gang- og sykkelveggar utan biltrafikk.

Betre belysning på strekninga Øvre Fosse – Fosseskarvegen – Sagstad skule vil bli vurdert som eit innspel til trafikksikringsplanen som er under revisjon. Planen er venta ferdigstilt våren 2017.

Overgang frå busstopp på Fosse mot Øvre Fosse ein trafikkfelle? Dersom det er busstoppet ved Fossesjøen som er meint så ligg det ved FV 245 som er Statens vegvesen sitt ansvar. Dette vil også bli tatt med som eit innspel til trafikksikringsplanen.

Steinsprang langs veg ved Meland aktiv. Kommunen vil vurdere behov for sikring her. Dette vil også bli tatt med som eit innspel til trafikksikringsplanen.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
FAU Sagstad skule

Kåre Frøland